



SOGN REGIONRÅD



Hardangerrådet iks

Felles rådsmøte for Hardangerrådet og Sogn regionråd

Møtereferat

Dato: 16.9.2020

Stad: Hardangerfjord Hotel, Øystese

Deltakarar:

Hardangerrådet:

Torgeir Næss, ordførar Kvam herad
Aslak Martin Lægreid, varaordførar Eidfjord kommune
Roald Aga Haug, ordførar Ullensvang kommune
Hans Petter Thorbjørnsen, ordførar Ulvik herad
Hans Erik Ringkjøp, ordførar Voss herad
Jostein Eitrheim, dagleg leiar
Trude Rinaldo, konsulent

Sogn regionråd:

Ivar Kvalen, ordførar Luster kommune
Trygve Skjerdal, ordførar Aurland kommune
Petter Sortland, ordførar Høyanger kommune
Audun Mo, ordførar Lærdal kommune
Arnstein Menes, ordførar Sogndal kommune
Roy Egil Stadheim, ordførar Vik kommune
Hilmar Høl, ordførar Årdal kommune
Karina Nerland, dagleg leiar

Andre:

Ståle Brandshaug, Visit Sognefjord (digitalt)
Andreas Skogseth, Visit Hardangerfjord

Hardangerrådet og Sogn regionråd drøfta korleis utvikla samarbeide og kva samarbeidet kan handla om. Sogn og Hardanger har mykje til felles og sams utfordringar og moglegheiter. Tema for møtet var korleis utvikla indre Vestland til ein slagkraftig region.

Oppsummering av drøftingane er følgjande samarbeidsområde og konkrete arbeidsoppgåver framover:

- Samarbeida om **felles påverknadsarbeid** som skal organiserast gjennom eit årshjul.

- **Samarbeidsområde:** Kraft, reiseliv, næringsutvikling og rassikring.
- Konkrete arbeidsoppgåver framover:
 - a. **Felles pressemelding** om vårt samarbeid og kva me ser på som sær viktig, konstruktivt og nyttig med å samarbeida
 - b. Laga **felles uttale** om vidareforedling av kraft med ein gong.
 - c. **Kronikk** frå ordførarane i Hardanger og Sogn om industriell utnytting av kraft.
 - d. Me må følgja med på **høyringskarusellane**
 - e. **Utveksla** kvar våre **fråsegner**. Kan hende kan me ha felles fråsegner nokre gonger.
- Kan me **diskutera arbeid med kommunale planar** medan me lagar dei, både for informasjon men også for om mogleg laga dei like. Stor betydning for reiseliv, som vert oppfatta som ein region.
- Utarbeide eit **vegkart** som inneheld hovudtema som Hardanger og Sogn kan samarbeide om
- Laga **lobby årshjul** for arbeid inn mot VLFK, Stortinget og andre organ som er viktige
- Uansett framtidig organisering, er det **mange ting me kan ta tak i saman akkurat no**
- **Nettmøte regionrådsleiarar og administrasjonane - jamnlege møte**
- Neste **felles rådsmøte** til våren 2021 (midten av mars)